



## FJELLVEGEN 2

INFORMASJON - Juli 2015 / Nærinfo

# Bygging av kommunale bustadar i Fjellvegen 2



### Prosjektbakgrunn:

I tråd med regjeringa sin nasjonale strategi for bustadsosialt arbeid, vedtok Eid kommunestyre i 2013 ein **bustadsosial handlingsplan**. Planen har målsetjing om systematisk, langsiktig og målretta tiltak for å kunne tilby bustader til grupper som har vanskar med å skaffe seg bustad sjølve. God bustadfordeling er ein føresetnad for at alle innbyggjarar skal kunne bu trygt og godt, uavhengig av sosiale, helsemessige eller økonomiske føresetnader.

På bakgrunn av kartleggingsarbeidet har Eid kommune definert aktuelle areal som i framtida kan nyttast til bygging av kommunale utleigebustadar.

Eit viktig mål for bustadsosialt arbeid er ei variert lokalisering av bustadane, slik at flest mogeleg skal kunne bu i ordinære bustader og vere ein del av det vanlege bumiljøet.



*“Alle skal kunne bu trygt og godt”*

Bustadsosial handlingsplan

## Byggjeprosess

Eid kommune har inngått kontrakt med entreprenør og utbyggjar *Norgeshus Andor Hovden as* om bygging av det planlagde leilighetsbygget i Fjellvegen 2 (tidlegare Prestemarka barnehage). Riving av eksisterande bygg og byggjestart for det nye er planlagt hausten 2015. Leilighetsbygget skal stå ferdig for overtaking hausten 2016.

Det nye bygget blir omlag på størrelse med det eksisterande barnehagebygget. Vedlagt finn du teknisk beskrivelse og planteikningar på korleis bygget er tenkt.

## Busetting

Leilighetsbygget vil bestå av tre leiligheter i 1. etg og seks eittromsleiligheter i sokkel og er tilpassa for både småbarnsfamiliar, einlege og par. Bustadane er planlagt finansiert gjennom tilskot frå Husbanken og husleige frå bebuarane, og blir bustad for flyktningar og andre med bustadsosiale utfordringar.

Info om Flyktningtenesta finn du på side 2.

## Flyktingtenesta i Eid

Flyktingtenesta i Eid kommune har ansvar for busetting av flyktningar i kommunen, og for introduksjonsprogrammet (2-årig) i lag med vaksenopplæringa. Vårt mål er å gje flyktningane ein god start på sitt nye tilvære. Vi vil skape økonomisk og sosial tryggleik, samt høve til å kvalifisere seg for arbeid eller utdanning gjennom introduksjonsprogrammet.

Dei som vert busett har fått opphaldsløyve, og skal etablere seg for fyrste gong i Noreg. Dei fleste har fått opphald fordi dei treng beskyttelse, dvs. at dei vert rekna som forfylgde i eige land. Andre har fått opphald på humanitært grunnlag, eller fordi dei treng særskild vern. Mange av flyktningane kom til Noreg som asylsøklarar, og har tidlegare budd på eit mottak.

Nokre av flyktningane har fått avklart sin asylstatus før dei kjem til Noreg. Dei kjem hit til landet som kvoteflyktningar. I tillegg buset kommunen nokre som har fått familieföreining.

Eid kommune har ei målsetjing om å busetje i snitt 30 flyktningar per år, inkludert familiegjenforeining. I tillegg er det vedtatt å ta imot 4 ekstra i 2015 grunna krisa i Syria.

Det følgjer ekstra statlege tilskot med busetting av flyktningar. Desse tilskota dekkjer både opplæring og anna aktivitet, stillingar i flyktingteneste, finansiering av bustader samt styrka ressursar i skule og barnehage.

Avdelingsleiar for flyktingtenesta og vaksenopplæringa i Eid kommune er Rune Engeseth.

### Har du spørsmål, ta kontakt!

#### Prosjekt: Fjellvegen 2:



Roger Oppedal, prosjektleiar Eid kommune  
Tlf 971 97 642  
roger.oppedal@eid.kommune.no



Andor Hovden, entreprenør Norgeshus  
Tlf 934 68 389  
andor.hovden@norgeshus.no

#### Flyktingtenesta / vaksenopplæringa:

Rune Engeseth, avdelingsleiar i Eid kommune  
Tlf 922 36 743  
rune.engeseth@eid.kommune.no



Eid kommune

